

Resolusjon

Betre grunngjeving av eksamensresultat

Når ein student ber om grunngjeving av eksamensresultata, gjer den som oftast det med eit mål om å lære noko av grunngjevinga. Slik kan ein forbetre resultatet til neste gong, eller forstå kvifor ein har fått den karakteren ein har fått. Vi i Studenttinget i Volda meiner at å få vite noko om kvifor resultatet er som det er burde vere ein vesentleg del av undervisninga, spesielt sett i lys av at nokon høgskular og universitet allereie har automatisk grunngjeving på eksamen.

Problemet med dagens grunngjevingssystem er at grunngjevingane varierer veldig, frå veldig grundige til veldig diffuse eller standardiserte. Dei meir grundige tilbakemeldingane har gode svar på kvifor karakteren er sett, og av og til har dei karakter på kvar oppgåve i eksamenssvaret. Dei meir diffuse eller standardiserte svara kan kopiere den direkte definisjonen av ein karakter frå karakterskalaen, eller berre gi ei generell formulering om nivået på oppgåva. Korleis hjelp dette studentane med å lære?

Studenttinget krev at ei grunngjeving, som studenten trass alt må søke om, må vere såpass grundig at ein kan få eit læringsutbytte av det. Får studentane ei betre grunngjeving, blir det også enklare for studentane å vurdere om ein bør klage på ein karakter eller ikkje. Om grunngjevinga er ein grundig gjennomgang av kvar oppgåve eller ein generell gjennomgang av eksamenen, må sjåast i lys av kvar eksamensoppgåve, men når studentar aktivt må søkje om det for å få ei grunngjeving av eksamen, fortener dei ei ordentlig tilbakemelding.

Vedtatt av Studenttinget i Volda 28.02.18